



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Tenesteutval for oppvekst og kultur
Møtestad: Voldsfjorden, Rådhuset
Dato: 07.03.2018
Tid: 13.00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Arkivsak
PS 11/18	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 12/18	Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte	
PS 13/18	Mandat ungdomsklubb - ungdomsarbeid	2014/979
PS 14/18	Orienteringssaker	
OS 5/18	Referat frå samarbeidsutvalet Dalsfjord skule 30.01.18	
OS 6/18	Referat samarbeidsutvalet Mork skule 05.02.2018	
OS 7/18	Orientering om innføring av lærarnorm frå hausten 2018	
OS 8/18	Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 27.09.2017	
OS 9/18	Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 18.10.2017	
OS 10/18	Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 16.11.2017	
OS 11/18	Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 06.12.2017	
OS 12/18	Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 17.01.2018	

PS 11/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 12/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2014/979
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	07.03.2018

MANDAT UNGDOMSKLUBB- UNGDOMSARBEID

Administrasjonen si tilråding:

Mandat: Administrasjonen får følgjande mandat:

- Gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for ulike tiltak og aktiviteter, inkludert aktiviteter som ungdom meiner det er aktuelt å legge til ein ungdomsklubb.
- Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.

Prosess: Involvere ungdomsråd, ungdom i kommunen og fagpersonar som arbeider med ungdomsgruppa for å få kartlagt deira behov og synspunkt på det kommunale tilbodet retta mot ungdom.

Tidsplan: Kartlegginga skal starte opp snarast og vere avslutta innan 3 månader, og Tenesteutval for oppvekst og kultur skal får saka til handsaming så snart som råd etter ferien 2018.

Saksopplysningar/fakta:

Kommunestyret vedtok 14.12.2017 (sak 146/17) følgjande:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og sluttar seg til at det vert iverksett ein prosess for gjennomgang av tiltak retta mot ungdom som førebyggings- og inkluderings tiltak.

Rådmannen vert beden om å leggje fram sak for tenesteutval for oppvekst og kultur om mandat, prosess og tidsfrist. Kommunestyret vil kome attende til nærare handsaming av ev finansiering og rammer for ungdomstilbodet basert brei

involvering i prosess og innstilling frå tenesteutvalet. Inntil dette er avklart vert det ikkje inngått avtale om ev leige av eksterne lokale.

Kommunestyret legger til grunn for prosessen vidare innspela frå ungdomsrådet, og ønsker ei framtidig drift av ein ungdomsklubb i Volda.

Det har ikkje vore gjennomført evaluering av ungdomsklubb-tilbodet i Volda i dei siste åra. Det har heller ikkje vore gjort kartlegging av kva behov målgruppa har – relatert til ungdom anno 2018.

Ei kartlegging av behov og ønske når det gjeld det fritidstilbod til ungdomsgruppa, vil vere sentral for å kunne møte behova i denne samansette gruppa og for å kunne nå fram til ulike – og kanskje nye - ungdomsgrupper. Kartlegginga bør gjennomførast som ein prosess med brei involvering av ungdomen sjølv og ulike faginstansar. Den bør avdekke kva tilbod ungdom ser behov for, og kva tilbod ungdom syns manglar totalt sett. Truleg vil kartlegginga også gje idear til ulike aktivitetar som ikkje nødvendigvis er knytt til eit ungdomsklubb-lokale, men som ev også kan gjennomførast utan eige ungdomsklubblokale. Kanskje kan nokre av desse tiltaka gjennomførast i samarbeid mellom ungdom, ungdomsklubleiar og andre ressursar, og kanskje kan dette gje opphav til nye møtestadar for ungdom? I påvente av eit eige klubblokale, kan det vere aktuelt å leige lokale ved behov; t.d. Rokken, fotballhallen og kulturskulen mv.

I eit folkehelseperspektiv spelar ulike møtestader ei viktig rolle i arbeidet med førebygging av utanforskap. Det er viktig at ungdom får moglegheit til å delta på ulike lågterskeltilbod og rusfrie arenaer for å førebygge utanforskap. Slike tilbod kan også fungere som ein sosialiserings- og mestringsarena ved at ungdom sjølv står som med-arrangør og ved å vere open for alle; både for organisert og uorganisert ungdom. Det vil vere eit sentralt punkt å få kunnskap om korleis kommunen kan tilretteleggje for at dei som er i sårbare grupper kan oppleve meistring på arenaer der dei vert integrert i fellesskapen.

Parallelt med ei slik kartlegging av behov og ønsker i ungdomsgruppa, skal arbeidet med å etablere ungdomsklubb i permanente lokale halde fram, slik at ein på sikt kan sikre ei kontinuitet i drifta av ungdomsklubben. Det vil, i forkant av etablering av ein ungdomsklubb, fram til det blir klarlagt kva som skal vere ungdomsklubb-lokale, vere ein fordel å legge til rette for ulike ungdomsaktivitetar i samarbeid med musikkskule, bibliotek, frivilligsentral, og t.d idrettsmiljø.

Leiar for ungdomsklubben er tilsett i 50% stilling, og er tiltenkt rolla som koordinator/prosessleiar for dei ulike tiltaka, engasjere og involvere ungdom i ulike målgrupper og kartlegge kva som er behovet.

Helse og miljøkonsekvensar:

Sett i eit førebyggjande perspektiv er det viktig å oppretthalde og utvikle rusfrie tiltak retta mot ungdom, som bidreg til å motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid og som kan knytte ulike ungdomsgrupper saman.

Gode, rusfrie samlingsstader for ungdommen vil gje også ein helse- og miljøgevinst i form av eit positivt oppvekstmiljø i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom ungdomsklubben skal leige nye lokalar, vil dette krevje ei auke i budsjettet til ungdomsklubben. Dette vert å vurdere i komande budsjett og økonomiplan, ev i budsjettkorrigering dersom kommunestyret vil etablere noko før nyttår.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner det er naturleg å gjere ein refleksjon rundt ungdomstilbodet, og om tilbodet med ein fast møtestad med eit fast opplegg er det rette tiltaket for å førebyggje mot utanforskap og inkludere sårbare grupper i fellesskapen. Dette bør sjåast i lys av utfordringane kopla til resultatane frå Ungdata, ungdomane sine eigne behov og faglege erfaringar og råd. Ein bør gjennomføre ei kartlegging der ein kjem i direkte kontakt med eit breitt utval av ungdom.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektor kultur og service for vidare arbeid

PS 14/18 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

Dalsfjordskule

REFERAT

Dato: 12.02.18

MØTE:Su/skulemiljøutval

Møtedato 30.01.18	Møtetid: 17.30-19.00	Stad: Møterom, Dalsfjord skule
Møteleiar: Ann- Elin Overvoll Lillebø		Referent: Else Lill Riise
Til stades: Ann- Elin Overvoll Lillebø, Inger Johanne Johnsen, Trygve Espeland, Edvin Dale, Else Lill Riise		Fråvær: Rune Brudevoll

SAKLISTE

Sak 01.18 –Rektor opplyste om resultat frå nasjonale prøver , som elevane i 5. trinn og 8.-9. trinn gjennomførte haust 2017. Alle møtemedlemene signerte teiellovnad, dette fordi resultatene er unnateke offentlegheita på grunn av lågt elevtal.

Sak 02.18 Rektor informerte om budsjett.

Sak 03.18 – Rektor informerte om funn i elevundersøkinga som er obligatorisk for 7. og 10. trinn.

Sak 04.18 Ymse –

- Endring av skuleveke for Dalsfjord skule frå 4 dagars veke, til 5 dagars veke for alle elevane 1- 4. trinn vil verte ein realitet frå hausten 2018
- Kommunal repr. i Su er Edvin Dale , vara : Eiliv Hallkjellsvik
- Det kom spørsmål om skidag for heile skulen. Rektor informerte om at dette ligg i planane til skulen.

Ref. Else



Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Mork skule

Dato: Måndag 5. februar 2018

Til stades:

Kommunal representant - Alf Jakobsen

Leiar i FAU – Øystein Åmelfot

Nestleiar i FAU – Martin- Bjarne Belt

Lærarrepresentant – Irene N Støyle

Rektor – Monica Ertresvåg

Sakliste:

1. Nasjonale prøver 2017. Resultata vart gjennomgått og drøfta.
2. Elevundersøkinga 2017. Resultata vart gjennomgått og drøfta.
Mork skule scorar godt i høve mobbing. Vi ser at vi kan bli betre på arbeidsro og elevmedverknad i høve eige lærearbeid.
3. Budsjett 2018. Budsjettet vart gjennomgått og drøfta.
4. IKT- satsinga i kommunen. Rektor la fram korleis gjennomføringa er tenkt for Mork skule. Skulen er veldig positiv til det som skjer på IKT- fronten i eininga.
5. Eventuelt:
 - a. Romsituasjonen på Mork skule. Etter at ein fekk opp skulemodulane, har ein pr dato tilstrekkeleg med klasserom. FAU vil fortsatt jobbe for nytt skulebygg, då ein meiner at Mork er i eit utviklingsområde når det gjeld utbygging.

Ref. Monica Ertresvåg



NOTAT

Mottakarar:
Opplæring og oppvekst Per Ivar Kongsvik

Sak: Innføring av lærarnorm

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/419	2535/2018	A29	OPP/PERKON	15.02.2018

ORIENTERING OM INNFORING AV LÆRARNORM FRÅ HAUSTEN 2018

I samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2018 vart det i Stortinget vedteke følgjande:

Stortinget ber regjeringen innføre en norm for lærertetthet på skolenivå. Målet er at det høsten 2018 skal være 1 lærer per 16 elever i 1.–4. klasse og 1 lærer per 21 elever i 5.–10. klasse, og fra høsten 2019 er målet at det skal være 1 lærer per 15 elever i 1.–4. klasse og 1 lærer per 20 elever i 5.–10. klasse. Normen skal evalueres underveis og sees i sammenheng med tiltak for å rekruttere et tilstrekkelig antall kvalifiserte lærere. Dagens lærerutdanning, herunder gjeldende opptakskrav, og regjeringens kompetansekrav skal legges til grunn. Det foretas en kvalitetssikring av kostnader knyttet til oppdaterte GSI-tall på skolenivå, slik at ingen kommuner skal tape på innføringen av normen. En justering av de samlede kostnadene legges inn i regjeringens forslag til revidert nasjonalbudsjett for 2018. Videre skal det utredes hvordan innfasingen av en norm kan gjennomføres uten fare for forsterket lærermangel i deler av landet.

I vedtaket kjem det fram at lærartettleiksnorma skal vere på skulenivå. Norma er forholdet mellom elevtimar og lærartimar i ordinær undervisning. Det blir presisert at det ikkje tyder at ein klasse med 20 elevar må delast i to. Det er det samla talet på elevane på kvart hovudsteg (1.-4. kl / 5.-7. kl / 8.-10. kl) som vil avgjere kor mange lærar som skal til for å oppfylle norma.

Som døme komande skuleår:

Ved Mork skule er det komande skuleår 46 elevar i 1. – 4. klasse. Tilsaman skal desse elevane ha 1148 undervisningstimar pr veke. Til undervisning som kjem alle desse elevane til gode er skulen tildelt 94 lærartimar pr veke. Timar til spesialundervisning og særskilt språkopplæring vert halde utanfor reknestykket. 1148 elevtimar delt på 94 lærartimar gir talet **12,2**.

Ved Mork skule er ein altså godt innanfor norma som komande skuleår er 16.

Ved Øyra skule er det 188 elevar i 1.-4. klasse. Desse elevane skal ha 4656 undervisningstimar pr veke. Når Øyra skule får tildelt timar etter same modell som dei andre skulane vert forholdstalet mellom elevtimar og lærartimar meir enn 16. Det vil seie at Øyra må få ein ekstra pott for at forholdstalet skal halde seg under 16.

Utkast til fordeling av rammetimar til skulane skuleåret 2018/2019 viser følgjande:

1. – 4. årssteg

	Elevtimar	Lærartimar	Lærartettleik
Mork	1148	94	12,2
Øyra	4656	306	15,2
Bratteberg	2015	144	14,0
Vikebygda	1245	98	12,7
Austefjord	297	33	9,0
Folkestad	801	63	12,7
Dalsfjord	432	60	7,2

5.-7. årssteg / 5.-10 årssteg / 8.- 10 årssteg

	Elevtimar	Lærartimar	Lærartettleik
Mork	1024	63	16,3
Øyra	4340	207	21,0
Bratteberg	3347	187	17,9
Austefjord	280	32	8,8
Folkestad	1596	135	11,8
Dalsfjord	1451	133	10,9
Volda u	8959	430	20,8

Departementet legg ikkje opp til noko særskilt rapportering utover dei årlege rapporteringane i GSI.

Departementet vil vidare kome attende til berekning av kompensasjon til kommunane ved innføring av lærarnorma. Sidan 2015 har kommunane fått tilskot til tidleg innsats gjennom auka lærartettleik på 1.- 4. steg. Desse midlane vert vidareført i 2018 og skal bidra til å dekke kostnadene ved innføring av den foreslegne norma.

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Møterom A, Rådhuset
Dato: 27.09.2017
Tid: 16:00 til 18:50

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olve Eide Brattli	Medlem	Volda ungd.
Ilja Elisabeth Bech	Medlem	Volda ungd.
Veronica Wilhelmsen	Medlem	Volda ungd.
Peter H. Bjørneset	Nestleiar	Ungdomsklubben
Ingvild Sunde Stokke	Medlem	Lag og org.
Sigurd Tverberg	Medlem	Lag og org.
Åshild Vik		Politisk fadder

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mathias Jansen Rindal	Medlem	Volda vgs.
Eirik Sjøhelle Eiksund	Leiar	Volda vgs.
Hanna Nautvik Nesset	Medlem	Folkestad skule
Mia Malika Skaare Gjerseth		Felles vara

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elias Eide Brattli		Felles vara
Felicia Lerkerød Flo		Felles vara

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Inger Johanne Johnsen	Leiar servicekontoret
Tone Rustestuen Aarhus	Leiar ungdomsklubben
May-Lisbet Lande	Koordinator for ungdomsrådet

Åshild Vik forlot møte kl. 18:05.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Arkivkode
	SAKER TIL HANDSAMING	
PS 28/17	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 29/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	
PS 30/17	Val av kandidatar til Volda ungdomsråd 2017-2018	033
PS 31/17	Ungdomens fylkesting 2017	033
PS 32/17	Lokale til ungdomsklubben	614



SAKER TIL HANDSAMING

PS 28/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjent

Vedtak i Ungdomsrådet - 27.09.2017

Samrøystes godkjent

PS 29/17 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes godkjent

Vedtak i Ungdomsrådet - 27.09.2017

Samrøystes godkjent

PS 30/17 Val av kandidatar til Volda ungdomsråd 2017-2018

Handsaming:

Det kom inn totalt 17 søknadar til verva. Frå ungdomsklubben kom der ingen søknader Mathias Jansen Rindal som er representant for Volda vgs. bad om fritak frå vervet sitt og fekk dette innvilga.

Alle søknadane var anonymisert og lagt fram for ungdomsrådet for avstemming. Av omsyn til søkjarande vert ikkje avstemminga referert i protokollen.

Valoversikt:

Volda ungdomsskule:

8. kl. Ine B. Osvoll, valgt for 2 år

9. kl. Olve Eide Brattli, vart valgt i fjord for 8. klasse, skal sitte i 2 år og repr. 9. kl. dette året

For 10. kl. kom der ingen søknader. Ungdomsrådet vedtok søkar Yones S. Soulimani frå 9. klasse som Volda ungdomsskulen sin 3. representant.

Folkestad skule:

Tobias Nautvik Nettet er valgt for 2 år.

Austefjord skule:

Vebjørn Korsnes Koppernes er valgt for 2 år

Dalsfjord skule:

Agnis Myrene er valgt for 2 år

Volda vgs.

Veronica Wilhelmsen og Elias Eide Brattli er begge valgt for 2 år

Ungdomsklubben

Ein kandidat skal velgast for 2 år.



VOLDA KOMMUNE

Der kom ingen søknadar frå ungdomsklubben. Ungdomsrådet vedtok å legg til ein ekstra representant på lag og organisasjonar for 1 år. På møte i oktober vil ein velje talsperson blant medlemmane for ungdomsklubben.

Lag og organisasjonar:

Emma Torine Brenne og Amalie Løset 2 år. Sigurd Tverberg skal sitte eit år til

Vara:

1. Noa Gjerseth
2. Ask Tømmerbakk
3. Knut-Edvind
5. Mathias E. Olsen

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 27.09.2017

Volda ungdomsskule:

8. kl. Ina B. Osvoll, valgt for 2 år i 2017-2019
9. kl. Olve Eide Brattli, valgt for 2 år i 2016-2017
Yones S. Soulimani valgt for 1 år i 2017-2018

Folkestad skule:

Tobias Nautvik Nesset valgt for 2 år 2017-2019

Austefjord skule:

Vebjørn Korsnes Koppernes valgt for 2 år 2017-2019

Dalsfjord skule:

Agnes Myrene valgt for 2 år 2017-2019

Volda vgs.

Veronica Wilhelmsen og Elias Eide Brattli er begge valgt for 2 år 2017-2019

Ungdomsklubben

Ein kandidat skal velgast for 2 år.

Der kom ingen søknadar frå ungdomsklubben. Ungdomsrådet vedtok å legg til ein ekstra representant på lag og organisasjonar for 1 år. På møte i oktober vil ein velje talsperson blant medlemmane for ungdomsklubben.

Lag og organisasjonar:

Emma Torine Brenne og Amalie Løset 2 år 2017-2019. Sigurd Tverberg valgt for 1 år 2016-2017

Vara:

1. Noa Gjerseth
2. Ask Tømmerbakk
3. Knut-Edvind
5. Mathias E. Olsen



Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

PS 31/17 Ungdomens fylkesting 2017

Handsaming:

Veronica Wilhelmsen er valgt som Volda sin utsending til Ungdomens fylkesting 2017. Vara vart ikkje valgt sidan fristen for å melde på utsendingar til fylkestinget er satt til 01. oktober. Det første møte i haust i ungdomsrådet er 27.09.17. møte er i hovudsak forbeholdt val av nye kandidatar for skuleåret 2017/2018. Det er kun 4 stk. frå det «gamle» rådet som skal sitte vidare. Alle desse er involvert i saka. Neste møte i ungdomsrådet er 18. oktober.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 27.09.2017

Veronica Wilhelmsen er valgt som Volda sin utsending til Ungdomens fylkesting 2017.

Administrasjonen si tilråding:

Det skal veljast ein ny person og ein vara som vert Volda ungdomsråd sin utsending til Ungdomens fylkesting 2017

PS 32/17 Lokale til ungdomsklubben

Handsaming:

Peter Bjørneset var ugild i saka, og trådte frå under handsaming av saka. May-Lisbet Lande var også ugild i saka, og trådte frå som sekretær. Inger-Johanne Johnsen tok over som sekretær under handsaminga.

Elias Brattli vart samrøystes valt som leiar. Dei var 6 røysteføre då handsaming av saka starta.

Leiar for ungdomsklubben, Tone Rustestuen Aarhus orienterte.

Ingvild Sunde Stokke kom kl. 16:25. Dei var 7 røysteføre under den vidare handsaminga.

Elias Eide Brattli kom med følgjande framlegg til vedtak:

- Ungdomsrådet ønskjer ikkje framhald av drifta på Salongen på samfunnshuset.
- Volda kommune leiger lokale i Industrigata 17 i minimum 2 år, med moglegheit for forlenging. På denne måten får ein prøvd ut ei stabil drift av klubben i eit nytt, stabilt lokale over lengre tid.

Ingvild Sunde Stokke kom med følgjande forslag til vedtak:



VOLDA KOMMUNE

- Volda kommune inngår samarbeid om nye, felles lokalar ved idrettsparken, som kan nyttast til klubblokale i kombinasjon med andre aktivitetar i området. I tida fram til eit slikt klubblokale er klart til bruk, bør midlane som er sett av til drift av ungdomsklubben nyttast på anna vis til t.d. ulike tiltak og aktivitetar retta spesielt mot ungdom/ulike ungdomsgrupper og andre ungdomstiltak.

Røysting:

Det vart først røysta over Brattli sitt framlegg til vedtak kulepunkt 1. Samrøystes vedteke

Ved alternativ røysting mellom Elias sitt framlegg kulepunkt 2 og Ingvild sitt framlegg til vedtak, fekk Elias sitt framlegg kulepunkt 2; 4 røyster og vart vedteke, medan Ingvild sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.

Etter røysting var gjennomført tok Peter Bjørneset sete ved bordet og overtok som leiar etter Elias Eide Brattli.

Vedtak i Ungdomsrådet - 27.09.2017

- *Ungdomsrådet ønskjer ikkje framhald av drifta på Salongen på samfunnshuset.*
- *Volda kommune leiger lokale i Industrigata 17 i minimum 2 år, med moglegheit for forlenging. På denne måten får ein prøvd ut ei stabil drift av klubben i eit nytt, stabilt lokale over lengre tid.*

Ungdomsrådet bidreg gjerne vidare i prosessen med lokale til ungdomsklubben.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Møte slutt kl. 18:50

Rett utskrift

Volda kommune, Kultur og service

29.09.17

May-Lisbet Lande

Koordinator



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Møterom A, Rådhuset
Dato: 18.10.2017
Tid: 16:00 til 17:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Younes S. Soulimani	Medlem	Volda ungd.
Tobias Nautvik Nasset	Medlem	Folkestad
Vebjørn Korsnes Koppernes	Medlem	Austefjord
Agnes Myren	Medlem	Dalsfjord
Emma Torine Brenne	Medlem	Lag og org.
Amalie Løset	Medlem	Lag og org.
Olve Eide Brattli	Medlem	Volda ungd.
Sigurd Tverberg	Medlem	Lag og org.
Veronica Wilhelmsen	Medlem	Volda vgs
Elias Eide Brattli	Medlem	Volda vgs.
Åshild Vik		Politisk fadder

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ina B. Osvoll	Medlem	Volda ungd.

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Noa Gjerset		Felles vara

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Koordinator

Åshild Vik gjekk frå møte kl. 16:00



SAKER TIL HANDSAMING

PS 33/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjent

Vedtak i Ungdomsrådet - 18.10.2017

Samrøystes godkjent

PS 34/17 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes godkjent

Vedtak i Ungdomsrådet - 18.10.2017

Samrøystes godkjent

PS 35/17 Val av leiar og nestleiar for Volda ungdomsråd 2017-2018

Handsaming:

Til vervet som leiar melde Elias Eide Brattli og Sigurd Tverberg seg. Begge holdt eit innlegg der dei presenterte seg sjølv og kvifor dei ynskte vervet. Avstemming vart gjort med lappar og Elias Eide Brattli fekk mest stemmer og vart valt.

Til vervet som nesteleiar melde Sigurd Tverberg og Veronica Wilhelmsen seg. Wilhelmsen presenterte seg. Avstemming vart gjort med lappar og Sigurd Tverberg fekk mest stemmer og vart valt som nesteleiar.

Røysting:

Elias Eide Brattli er valt som leiar

Sigurd Tverberg er valt som nestleiar

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 18.10.2017

Elias Eide Brattli er valt som leiar

Sigurd Tverberg er valt som nestleiar

Administrasjonen si tilråding:

_____ er valt som leiar.

_____ er valt so nestleiar.



PS 36/17 Høyring av framlegg til bustadsosial handlingsplan 2017 - 2020

Handsaming:

Saka vert tatt til vitande

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 18.10.2017

Saka vert tatt til vitande

Handsaming:

Leiar for rus- og psykisk helseteneste, Elin Høydal Vatne, orienterte om saka. Konst. helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten var til stades og svara på spørsmål frå eldrerådet.

Einar Børtveit kom med slikt framlegg:

Eldrerådet meiner at det er særdeles viktig å opprette butilbod for personar med demens/psykiske lidingar. Eldrerådet vil samstundes uttrykkje uro for at vidare utbetring av Mork bustader er teke ut av planen.

Røysting:

Framlegget frå Einar Børtveit vart samrøystes vedteke.

Vedtak i eldrerådet - 25.09.2017:

Eldrerådet meiner at det er særdeles viktig å opprette butilbod for personar med demens/psykiske lidingar. Eldrerådet vil samstundes uttrykkje uro for at vidare utbetring av Mork bustader er teke ut av planen.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Møte slutt kl. 17:45

Rett utskrift

Volda kommune, Kultur og service

19.10.17

May-Lisbet Lande

Koordinator



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Møterom A, Rådhuset
Dato: 16.11.2017
Tid: 16:00 til 18:10

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ina B. Osvoll	Medlem	Volda ungd.
Younes S. Soulimani	Medlem	Volda ungd.
Tobias Nautvik Nasset	Medlem	Folkestad ungd.
Vebjørn Korsnes Koppernes	Medlem	Austefjord ungd.
Agnes Myren	Medlem	Dalsfjord ungd.
Emma Torine Brenne	Medlem	Lag og org.
Amalie Løset	Medlem	Lag og org.
Olve Eide Brattli	Medlem	Volda ungd.
Sigurd Tverberg	Nestleiar	Lag og org.
Veronica Wilhelmsen	Medlem	Volda vgs.
Elias Eide Brattli	Leiar	Volda vgs

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Åshild Vik	Politisk fadder	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Astrid Gjersdal	Leiar Frivilligsentralen
May-Lisbet Lande	Koordinator

Vara Ask Tømmerbakk, Knut-Edvin Dale deltok på møte men hadde ikkje stemmeret.
Noa Gjerseth og Mathias E. Olsen kom kl. 18:00 og alle vara deltok på «bli kjend kveld».



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
	SAKER TIL HANDSAMING
PS 37/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 38/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte
PS 39/17	Val av representant til gruppa for ekstern kulturbygging nye Volda kommune. Orientering v. Astrid Gjersdal
PS 40/17	Ungdomsmidlane 2017

Ymse:

- **Pride mai 2018.** Orientering frå styret i Ørsta/Volda Pride. (avtalt tid ca. 16:30)
Pga. sjukdom vart saka utsett til nestemøte
- Nynorske festspela – spørsmål om samarbeid om ungdoms arrangement

«Eg tek kontakt med dykk på vegne av Dei nynorske festspela og Kaihuset, der vi i fredag 8. eller laurdag 9. juni planlegg eit arrangement for unge i Ørsta og Volda. Her ser vi føre oss ein kveld med fleire aktivitetar, dansegolv og muligens konsert - men vi treng hjelp til å få det til og lurar på om de i ungdomsrådet i Volda vil vere med som arrangørar og bidra til at dette vert eit minneverdig og attraktivt arrangement. Festspela vert arrangert årleg, og muligens kan dette konseptet også verte ein tradisjon - ein førsommarkveld før skulen sluttar og før alvoret med tentamenar slår inn og vennar og klassekameratar fer kvar til sitt i sommarferien. Vonar dette er noko de les med interesse og vil ha mange gode innspel til. Håpar å høyre frå dykk snart».

Med venleg helsing Anna Elise Vadset prosjektmedarbeidar, Ivar Aasen-tunet

Ungdomsrådet deltak gjerne som medarrangør i regi av Dei nynorske festspela

- Facebook – planlegging av desember aktivitet

Ungdomsrådet ynskjer å skape større interesse blant ungdom rundt facebook sida. Promotering av sida vert satt i gong omgåande. I desember vil ein lage ei konkurranse med julestrømpe som premie. Ein set av kr. 2000,- i budsjettet til tiltaket.

- Info frå dei som var på UFT og barne og ungdomskonferanse
- Møte vert avslutta med «Bli kjend kveld» mat, leik og moro☺



SAKER TIL HANDSAMING

PS 37/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 16.11.2017

Samrøystes godkjend

PS 38/17 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 16.11.2017

Samrøystes godkjend

PS 39/17 Val av representant til gruppa for ekstern kulturbygging nye Volda kommune.

Handsaming:

Astrid Gjersdal orienterte om saka.

Saka skapte diskusjon og engasjement og det var fleire som ynskte å delta i gruppa.

Sigurd Tverberg vart valgt som hovudkontakt. Vara og samarbeidspartar for Sigurd vart Veronica Wilhelmsen og Younes S. Soulimani valgt.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 16.11.2017

Sigurd Tverberg er valt som representant til gruppa for ekstern kulturbygging i nye Volda kommune. Som vara og samarabeidspartar for Sigurd er Veronica Wilhelmsen og Younes S. Soulimani valgt.

Administrasjonen si tilråding:

----- er valgt som representant til gruppa for ekstern kulturbygging i nye Volda kommune



PS 40/17 Ungdomsmidlane 2017

Handsaming:

Ungdomsrådet ynskjer større fokus rundt facebook sida si og ynskjer å marknadsføre den betre. I desember vil ein vil ha ei konkurranse der ei julestrømpe er premie. Det vart foreslått å sette av kr. 2000,- til dette.

Det er ynskje om nye genserar/overdel som ungdomsrådet skal nytte når ein representerar. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som består av leiar: Veronica Wilhelmsen, medlem: Agnes Myren, Ask Tømmerbakk og Younes S. Soulimani. Grappa får i oppdrag å kome med forslag og pris til møte 6. desember. Det vert sett av kr. 5000,- til dette.

Forslag om bruk av restbeløp på kr. 6875,- vert tilskot til Pride eller til lysetting av julegata i Volda sentrum. Leiar undersøker saken. Sak om bruk av restbeløpet vert behandla på møte 06. desember.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 16.11.2017

Restmidlar etter ungdomsmidlane kr. 13.875,-, vert nytta til:

Kr. 2000,- til promotering av facebook sida til ungdomsrådet og julekonkurranse.

Kr. 5000,- til innkjøp av nye generar til ungdomsrådet

Restmidlar kr. 6875,- vert tatt opp til behandling på møte 06. desember.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Møte slutt kl. 18:10

Rett utskrift

Volda kommune, Kultur- og service

21.11.17

May-Lisbet Lande

Koordinator



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Austefjord rom nr. 113, Rådhuset
Dato: 06.12.2017
Tid: 16:00 – 18:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ina B. Osvoll	Medlem	Volda ungd.
Younes S. Soulimani	Medlem	Volda ungd.
Tobias Nautvik Nesset	Medlem	Folkestad ungd.
Vebjørn Korsnes Koppernes	Medlem	Austefjord ungd.
Agnes Myren	Medlem	Dalsfjord ungd.
Emma Torine Brenne	Medlem	Lag og org.
Amalie Løset	Medlem	Lag og org.
Olve Eide Brattli	Medlem	Volda ungd.
Sigurd Tverberg	Nestleiar	Lag og org.
Veronica Wilhelmsen	Medlem	Volda vgs.
Elias Eide Brattli	Leiar	Volda vgs.

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Åshild Vik	Politisk fadder	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Noa Gjerset	Veronica Wilhelmsen	Felles vara

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Koordinator

Veronica Wilhelmsen gjekk frå møte kl. 16:45, Noa Gjerset tiltredde som vara.
Agnes Myren og Tobias Nautvik Nesset fjekk frå møte kl. 18:00

SAKLISTE

Saksnr. **Sak**
SAKER TIL HANDSAMING

PS 41/17 **Godkjenning av innkalling og sakliste**



VOLDA KOMMUNE

- PS 42/17 **Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte**
- PS 43/17 **Ungdomsmidlane 2017**
- PS 44/17 **Møteplan for ungdomsrådet 2018**
- PS 45/17 **Årsbudsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021**

Ymse:

- Vi får besøk av varaordførar Fride Sortehaug
Sortehaug gav ei god orientering om budsjettet
- Info frå arbeidsgruppa som jobbar med profilering av ungdomsrådet, facebook side og nye genserar/overdel.
Gruppa treng meir tid til arbeidet med design av hettejakker, saka vert lagt fram for vedtak på møte 18. januar 2018.
Det vert kjøpt inn hettejakker før jul, trykk vert påført etter jul.
- **Pride mai 2018.** Orientering frå styret i Ørsta/Volda Pride.
Avsett tid ca. kl. 17:00.
Det møtte tre personar frå styret i Pride Ørsta/Volda og orienterte om tiltaket.
Gruppa ynskjer samarbeid med ungdomsrådet, noko som rådet er svært positive til.
Dette er eit viktig tiltak for alle aldersgrupper i Volda og Ørsta. Sjå budsjettsak



SAKER TIL HANDSAMING

PS 41/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 06.12.2017

Samrøystes godkjend

PS 42/17 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 06.12.2017

Samrøystes godkjend

PS 43/17 Ungdomsmidlane 2017

Handsaming:

Restmidlar av ungdomsmidlane på kr. 6875,- vert tildelt Ørsta/Volda Pride. Ungdomsrådet meiner at tiltaket har stor nytteverdi for ungdom.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 06.12.2017

Restmidlar av ungdomsmidlane på kr. 6875,- vert tildelt Ørsta/Volda Pride. Ungdomsrådet meiner at tiltaket har stor nytteverdi for ungdom.

Handsaming:

Ungdomsrådet ynskjer større fokus rundt facebook sida si og ynskjer å marknadsføre den betre. I desember vil ein vil ha ei konkurranse der ei julestrømpe er premie. Det vart foreslått å sette av kr. 2000,- til dette.

Det er ynskje om nye genserar/overdel som ungdomsrådet skal nytte når ein representerar. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som består av leiar: Veronica Wilhelmsen, medlem: Agnes Myren, Ask Tømmerbakk og Younes S. Soulimani. Grappa får i oppdrag å kome med forslag og pris til møte 6. desember. Det vert sett av kr. 5000,- til dette.

Forslag om bruk av restbeløp på kr. 6875,- vert tilskot til Pride eller til lysetting av julegata i Volda sentrum. Leiar undersøker saken. Sak om bruk av restbeløpet vert behandla på møte 06. desember.

Røysting:

Samrøystes vedteke



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Ungdomsrådet - 16.11.2017

Restmidlar etter ungdomsmidlane kr. 13.875,-, vert nytta til:

Kr. 2000,- til promotering av facebook sida til ungdomsrådet og julekonkuranse.

Kr. 5000,- til innkjøp av nye generar til ungdomsrådet

Restmidlar kr. 6875,- vert tatt opp til behandling på møte 06. desember.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

PS 44/17 Møteplan for ungdomsrådet 2018

Handsaming:

Møte som er oppsett 23.05 vart endra til 09.05. Møte som er oppsett 13.06 vart endra til 06.06.

Årsaka til endringa er at det høver dårleg inn med oppsette eksamensdagar på skulane.

Elles vart møteplan godkjend som framlagt

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 06.12.2017

Møteplan for Volda ungdomsråd for 2018 vert som fyljer:

18.01	14.02.	14.03.	18.04.	09.05.	06.06.	12.09.	17.10.	07.11.	05.12.
-------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------

Møtetidspunkt vert sett til kl. 16:00

Administrasjonen si tilråding:

Møteplan for Volda ungdomsråd for 2018 vert godkjent

18.01.	14.02.	14.03.	18.04.	23.05.	13.06.	12.09.	17.10.	07.11.	05.12.
--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------

PS 45/17 Årsbudsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021

Handsaming:

Ungdomsrådet tek årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 til vitande med fyljande merknader:

- ✓ Varig styrking av helsesøster ressursen bør prioriterast
- ✓ Renovering av Volda ungdomsskule er ei svært viktig sak
- ✓ Ny kinosal er eit naudsynt tiltak for Volda
- ✓ Avsett midlar til kapitalkostnad for svømmebasseng er viktig for barne- og ungdomsgruppa
- ✓ Avsette midlar til ungdomstiltak/ungdomsklubb må vidareførast. Rådet ser at det er utfordringar med å finne eigna lokale. Rådet støttar at TOK får ansvaret for å arbeide



vidare med saka og forutset at ungdomsrådet blir inkludert. Medan utgreiinga om permanente lokale pågår må ein kunne ta aktuelle midlertidige lokale opp til vurdering.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 06.12.2017

Ungdomsrådet tek årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 til vitande med fyljande merknader:

- ✓ *Varig styrking av helsesøster ressursen bør prioriterast*
- ✓ *Renovering av Volda ungdomsskule er ei svært viktig sak*
- ✓ *Ny kinosal er eit naudsynt tiltak for Volda*
- ✓ *Avsett midlar til kapitalkostnad for svømmebasseng er viktig for barne- og ungdomsgruppa*
- ✓ *Avsette midlar til ungdomstiltak/ungdomsklubb må vidareførast. Rådet ser at det er utfordringar med å finne eigna lokale. Rådet støttar at TOK får ansvaret for å arbeide vidare med saka og forutset at ungdomsrådet blir inkludert. Medan utgreiinga om permanente lokale pågår må ein kunne ta aktuelle midlertidige lokale opp til vurdering.*

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Møte slutt kl. 18:30

Rett utskrift 06.12.17

Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande

Koordinator



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 17.01.2018
Tid: 16:00 – 17:55

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ina B. Osvoll	Medlem	Volda ungd.
Younes S. Soulimani	Medlem	Volda ungd.
Tobias Nautvik Nasset	Medlem	Folkestad ungd.
Vebjørn Korsnes Koppernes	Medlem	Austefjord ungd.
Agnes Myren	Medlem	Dalsfjord ungd.
Emma Torine Brenne	Medlem	Lag og org.
Amalie Løset	Medlem	Lag og org.
Olve Eide Brattli	Medlem	Volda ungd.
Sigurd Tverberg	Nestleiar	Lag og org.
Veronica Wilhelmsen	Medlem	Volda vgs.
Elias Eide Brattli	Leiar	Volda vgs.

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Åshild Vik	Politisk fadder	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Regine Solberg Aklestad	Kommunal planleggar
Tone Rustestuen	Leiar ungdomsklubben
May-Lisbet Lande	Koordinator



SAKLISTE

Saksnr.

Sak

SAKER TIL HANDSAMING

PS 1/18

Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/18

Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

PS 3/18

Årsmelding for Volda ungdomsråd 2017

Ymse:

- *Planleggjar i Volda kommune Regine Solberg Aklestad orienterte om barnetråkk-registreringar som har vore gjennomført med skuleelevar i Volda i haust.*
- *Leiar i ungdomsklubben Tone Rustestuen Aarhus informerte om UKM Volda/Ørsta som skal gå av stabelen 3.-4. mars. Ungdomsrådet vart invitert til å delta på arrangørsida.*
- *Kulturbygging nye Volda: nestleiar Sigurd Tverberg har vore på møte i gruppa. Ein ynskjer å lage to større arrangement for ungdom, eit i 2018 og eit i 2019. Gruppa ynskjer forslag frå ungdomsrådet. Fleire forslag kom opp, desse presenterer Tverberg på møte med gruppa.*
- *Leiar Elias Eide Brattli orienterte om eit møte 12. februar der ordførar, varaordførar, rådmann, leiar og nestleiar i ungdomsrådet skal møtast. Brattli ynskjer innspel frå ungdomsrådet om dei ynskjer spesielle saker skal bli tatt opp. Det kom opp fleire saker som leiar tek opp på møtet.*



SAKER TIL HANDSAMING

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjent

Vedtak i Ungdomsrådet - 17.01.2018

Samrøystes godkjent

PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes godkjent

Vedtak i Ungdomsrådet - 17.01.2018

Samrøystes godkjent

PS 3/18 Årsmelding for Volda ungdomsråd 2017

Handsaming:

Leiar gjekk igjennom forslag til årsmelding og det var ikkje behov for å gjære endringar.

Under pkt. «Utfordringar i 2018 og saker ein vil arbeide for» vart setninga «Skulestrukturen i Volda kommune» stoken.

Setninga «Vidare arbeid med kommunereforma» var endra til Kulturbygging nye Volda. Sakene vart nummererte frå 1. til 4. utifrå ønskt prioritering.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet - 17.01.2018

ÅRSMELDINGAR FOR UNGDOMSRÅDET I VOLDA 2017

Ungdomsrådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal gå inn som ein del av dei andre kommunale årsmeldingane (vedtekter for ungdomsrådet §5).

Arbeidsområde og målsetjing:

§ 1.1 Ungdomsrådet skal vere eit:

- *Talerøyr for ungdommen i Volda kommune.*
- *Organ med avgjerdsrett i utvalde saker.*
- *Høyringsorgan i kommunale saker som vedkjem ungdom.*

§1.2 Ungdomsrådet skal freiste å fremje:

- *Best mogleg levkår for ungdom*



- *Større påverknad i saker som vedkjem ungdom*
- *Auka engasjement i ungdomsgruppa*

§1.3 Ungdomsrådet skal ha lagt føre seg alle saker som gjeld ungdom sine oppvekstvilkår og andre saker med interesse for ungdom.

§1.4 Ungdomsrådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem ungdom.

§1.5 Ungdomsrådet skal ha eige budsjett, der midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.

Medlemar:

Ungdomsrådet har 11 medlemar og 4 felles vara.

Medlemane skal veljast mellom ungdomar i alder 13 til 20 år, busett i Volda kommune. Val skal skje i september årleg.

Austeffjord og Dalsfjord skule hadde ikkje representant i vårhalvåret då ingen elevar ynskjer vervet. Dette ordna seg i hausthalvåret etter god marknadsføring av valet på skulene ved ungdomsrådet.

Vedtektene seier at rådet skal konstituere seg sjølv og velje leiar og nestleiar.

Frå våren 2017 er Eirik Sjøhelle Eiksund leiar, nestleiar er Peter Hasfjord Bjørneset.

Haust er Elias Eide Brattli leiar og Sigurd Tverberg nestleiar.

Politisk fadder er Åshild Vik med vara Anne Natvig

Økonomi:

Vedtektene til ungdomsrådet §1.5 seier at rådet skal ha eige budsjett, midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.

Ungdomsrådet disponerte i 2017 kr. 50.000,-. I budsjettsak PS 10/17 var desse fordelt slik:

Kr. 30.000,- til kurs og konferansar

Kr. 20.000,- vart lyst ut til Ungdomsmidlar.

Ungdomsmidlane var lyst ut ved skulestart. Volda folketeater fekk tildelt kr. 6125,-. Volda Paintball sende også søknad men ungdomsrådet meinte søknaden var mangelfull og bad om ytterlegare informasjon, med frist for tilbakmelding 1.august, rådet mottok ikkje tilbakmelding og ein valde å sjå vekk frå søknaden.

Ungdomsrådet var tatt opp til ny vurdering 16. november det vart satt av kr. 5000,- til innkjøp av nye genserar til ungdomsrådet. Kr. 2000,- var sett av til profilering av facebook. Restmidlar på kr. 6875,- vart fordelt til Ørsta/Volda Pride.

Oppsummering:

Ungdomsrådet i Volda skal ha møte ein gong pr. mnd. med unntak av i skuleferien.

Rådet hadde 8 møter i 2017, eit møte vart avlyst.

I tillegg til saksarbeid har ungdomsrådet hatt fyljande tema og aktivitetar på møta sine.

- *Ungdomens spørjetime i Volda kommunestyre 26.01.17*
- *November: Tre utsendinga til Barne- og ungdomskonferanse i Bodø*
- *November: Fellesmøte for ungdomsråda på Søre Sunnmøre i Volda. Ulsteinvik var vertskap for samlinga*
- *November: to utsendingar til Ungdomens fylkesting*

Andre utval ungdomsrådet har delteke i:

- *1. representant i arbeidsgruppa for StudiebygdA*



VOLDA KOMMUNE

- *1. representant i arbeidsgruppa for Ungdata*
- *1. representant i Mellom bygninga i Volda*
- *1. representant i samarbeidsgruppe for Nynorske festspela*
- *1. representantar i gruppa for ekstern kulturbygging nye Volda*
- *1. representant i gruppa for Kulturprisen i Volda*

Saker som ungdomsrådet har hatt spesiell merksemd på:

- *Lokale til ungdomsklubben*
- *Miljøplan*

Utfordringar i 2018 og saker ein vil arbeide for:

- 1. Lokale til Ungdomsklubben i Volda*
- 2. Volda Campus Arena*
- 3. Miljøplan - tiltak*
- 4. Kulturbygging nye Volda*

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Møte slutt kl. 17:55

Rett utskrift

Volda kommune, Sektor kultur og service

18.01.18

May-Lisbet Lande

Koordinator